



Bilete syner målestasjonen til Oskar Langballe i Beinavikjo, som måler nedbør, temperatur og vindstyrke. TV antennen er ikkje ein del av stasjonen.

Det vart målt 31,6 varmegarder på målestasjonen i Korsneset 28. juli. Det er rekord sidan Kurt Haugland starta sine registreringar i 2010. Snittemperaturen for juli måned er 18,4 gr. Nedbøren vart målt til 48,1 mm mot 158,8 mm på same tid i 2017. Det er ikkje rekord. Både mars og mai i år hadde mindre nedbør enn juli.

Kurt Haugland har to målestasjonar, ein i Korsneset Uskedalen og ein på Vang i Rosendal. Avisa Grenda brukar mellom anna desse målestasjonane i sine innlegg om veret kvar måned. Det kan vera lokale variasjonar innan ei og same bygd, men målestasjonen i Korsneset er halden for å vera påliteleg og nøyaktig.

Det er så langt i år målt 726,3 mm nedbør. Det er lang mindre enn på same tid i fjor. Då vart det målt 1035,0 mm. Lite nedbør fram til august i år har klar samanheng med at mars og mai var også to nedbørsfattige månader. I mars vart det berre målt 41,4 mm, mai 44,5 mm, noko som er mindre enn for juli.

Temperaturen var rekordhøg 28. juli. Mest to månader før det, 1. juni vart temperaturen målt til heile 29,9 gr. C.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Dersom ikkje 3. slåttan vert god, vil mange bønder oppleve formangel i år.